

**Fra:** Munkejord, Mads (fmhommel@fylkesmannen.no)

**Sendt:** 14.10.2015 12:44:15

**Til:** Hallgeir.Herikstad@mattilsynet.no; john.reidar.nilsen@politiet.no; martin.smith-sivertsen@bergen.kommune.no; anne-margrete.bollmann@dsb.no; pkartvedt@mil.no; john.erik.hagen@kystverket.no; Rune Haugsdal; eivind.hansen@helse-bergen.no; johnny.breivik@bergen.kommune.no; Arianson, Helga; Bakkebi; Ole; Fjeld, Rune; Hjermann, Anne K.; Kvingedal, Kjell; Sponheim, Lars; Utv; Kari Tepstad; Vaag, ;se; Meidell, Arve  
**Kopi:** postmottak@mattilsynet.no; post.hordaland@politiet.no; post@kystverket.no; Hordaland Fylkeskommune - Postmottak; postmottak@helse-bergen.no; bergen.brannvesen@bergen.kommune.no; navbashaak@mil.no; postmottak@bergen.kommune.no; hordaland.sfd@dsb.no

**Emne:** Møte i atomberedskapsutvalet i Hordland (ABU-H) i samband med øving Hordaland 2015

**Vedlegg:** image002.emz;image003.png;Direktiv for øving Hordaland 2015 - til ABU-H.docx

Utvalde medlem av ABU-H, kopi postmottak

INVITASJON – INNKALLING

**Møte i atomberedskapsutvalet i Hordland (ABU-H) i samband med øving Hordaland 2015**

**Tysdag 27. oktober klokka 14-15 (telefon-/videokonferanse)**

---

I samband med øving Hordaland 2015 ønskjer Fylkesmannen å avslutte øvingsdagen (27. oktober) med ei kort samling av dei viktigaste aktørane i atomberedskapsutvalet i Hordland (ABU-H) som deltek i øvinga. Det vil seie Hordaland politidistrikt, Haakonsvern orlogsstasjon, Hordaland sivilforsvarsdistrikt, Mattilsynet (region sør og vest), Bergen kommune og Fylkesmannen.

Formålet med møtet er å dele informasjon (status) frå dei ulike verksemdene som deltek i øvinga. Møtet vil også avslutte øvinga, og det vil verte høve til å utveksle erfaringar frå øvinga.

Me vil i tillegg invitere nokre andre aktørar i utvalet som ikkje deltek i øvinga: Kystverket (region vest), fylkeskommunen, Helse Bergen og Bergen brannvesen.

Møtet finn stad tysdag 27. oktober klokka 14-15.

(OBS: alternativ tidspunkt torsdag 5. november klokka 14-15 dersom Haakonsvern grunna uønskede omstende ikkje kan høve 27. oktober).

Me ønskjer gjennomføre møtet per telefon-/videokonferanse (Lync), noko me meiner vil vere ei nyttig øving i seg sjlv.

Me vil sende elektronisk møteinnkalling til dei som skal delta på møtet. Denne vil innehalde pålogginginformasjon til konferansen (også mogleg berre per telefon). Dersom møteinnkallinga skal sendast ein annan adresse enn dykkar personlege, ber vi om å føle denne. Me ber også om tilbakemelding om verksemda ikkje nyttar Lync, men ev. har anna videokonferanseutstyr.

Fylkesmannen minner om at ABU-H er eit leiarforum for strategisk samordning, og ber om at leiar, eller stadfortredar med naudsente fullmakter, møter.

Fylkesmannen vil i tillegg til denne innkallinga, også senda ut ei innkalling/talemelding per telefon i samband med øving Hordaland den 27. oktober.

#### **Overordna målsetting for øving Hordaland 2015**

Den overordna målsettinga med øvinga er å betre koordineringa av atomberedskapsaktørar i fylket på strategisk nivå. Øvinga vil skje i samarbeid med sentrale og lokale atomberedskapsaktørar, slik at me vil vere betre i stand til å ta hand om ei hending med eit reaktordrive fartøy ved Haakonsvern orlogsstasjon. Kan beredskapsaktørane handtere ei slik hending, vil me vere svært godt rusta til å kunne handtere eventuelle andre atomhendingar. Operativ og taktisk handtering inngår ikkje i øvinga, og må ev. øvast særskild av naudetatane i samarbeid med objekteigar og andre med operativt ansvar. (Sjå elles vedlagde direktiv for øvinga).

Me ber om svar på ÷ denne invitasjonen innan midag 19. oktober.  
Send svar til [mads.munkejord@fylkesmannen.no](mailto:mads.munkejord@fylkesmannen.no)

Med helsing

Rune Fjell  
ass. fylkesmann

Mads Munkejord  
seniorrådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland  
Kommunal- og samfunnsplanavdelinga  
Telefon: 55 57 23 83  
[www.fylkesmannen.no/hordaland](http://www.fylkesmannen.no/hordaland)